

15.565 kroner til demensaksjonen i Uskedalen.

25.09.2006



Innpå 20 bøssebærarar i Uskedalen klåre til innsats for dei demente og deira familier måndag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den årlege Demensaksjon går føre seg over heile landet no, for sjuande gongen.

Helselaget i Uskedalen gjorde måndag for femte gong ein innsats i aksjonen.

20 bøssebærarar var høgt og lågt i bygda og på kanpt eitpar timar samla dei inn 15.565 kroner. Rundt 15.000 plar vera den vanlege summen og årets resultat var betre enn i fjor, men dei har vore over 18.000.

Uskedalen plar og vera på topp av alle bygdene i Kvinnherad når det gjeld innsamla sum – nok eit døme på at vi bur i ei bygd med gåvmilde folk!

Helselaget er under paraplyen til Nasjonalforeningen for folkehelsen, som mellom anna arbeider for å betre levetikåra for menneskje med demens og deira familier.

65.000 nordmenn har demens i dag og 25.000 er pårørande. Mange av desse har dagleg ansvar for omsorgen og svært mange av dei er sjølv eldre.

- Gløym ikkje dei som sjølv gløymer, er oppmodinga dei som står bak aksjonen kjem med.